

Innspel til saka om skulestrukturen i Ulstein

Framlegget om nedlegging av dei to krinsskulane i Ulstein kommune har uroa mange, også underteikna. Eg hadde arbeidet mitt ved Ulstein skule i dei fleste åra eg var yrkesaktiv, men det er ikkje som tidlegare lærar eg vil uttale meg, heller som nabo og innbyggjar på Ulstein og som bestemor til to born eg håper skal få gå på skule der.

Ulstein skule er ein attraktiv skule, noko som også vert stadfesta ved at det i mange år har vore og framleis er fleire elevar som bur i sentrumskrinsen og som går på Ulstein skule. Skulen har eit stort, flott uteområde med nærleik til fjell og fjøre. Rapporten frå KS konkluderer mellom anna med at skulane «... i Ulstein drives i dag med høy kvalitet og leverer gode resultater» (s.40). Ulstein skule er ut frå dette ikkje noko unnatak i så måte. I det nye byggefeltet på Skeide er det allereie sett i gang bygging på nokre av tomtene. Så vidt eg veit, er ikkje alle tomtene selde. Dersom skulen får bestå, vil det etter mitt syn også auke interessa for at barnefamiljar vil byggje og busetje seg her ute.

Eg meiner at Ulstein kommune gjer seg svært sårbar dersom ein skal stå att med berre to (overfylte) barneskular. Då er det ikkje stort spelerom for brå endringar som kan kome. Med den store flyktningstraumen på grunn av invasjonen i Ukraina, har vi vorte minte om kor fort situasjonen kan snu. Sjølv om vi ikkje veit kor lenge dette vil pågå, vil det kunne ha stor innverknad på elevtalet i skulane våre, på kortare eller lengre sikt. Nokon har sagt at det er vanskeleg å spå, og særleg om framtida. Men ein ønskjer vel ikkje å kome i den situasjonen at ein igjen må setje opp brakker for elevane ved Ulsteinvik barneskule?

I lokalavisa og på folkemøte er det borte fram gode argument for å få behalde dei to skulane som no er truga av nedlegging, men eg skal ikkje gå nærare inn på dei her. Ordføraren og administrasjonen seier noko må gjerast, slik den økonomiske situasjonen er no. Eg vil føreslå at ein slår saman klassesteg med få elevar for å redusere talet på lærarårsverk. Dessutan meiner eg eigedomsskatten må aukast.

Venleg helsing

Marit Tronstad Ulstein